



Sunnfjord kommune



Helsedirektoratet

Rev utgåve m/ påmeld juli 24

Emnekurs i digital heimeoppfølging

Helsetenester på nye måtar

Arrangør

Det nasjonale programmet for digital heimeoppfølging (Helsedirektoratet) og Sunnfjord kommune (prosekteigar) inviterer til emnekurs i digital heimeoppfølging. Kurset vert sett opp to stader, eit i Sunnfjord og eit i Haugesund. Kurset vil være knytt til kommunar i helse Fonna-området og i helse Førde-området. Kurset er godkjent som poenggivande av Legeforeningen og Norsk Sykepleierforbund

Formål med kurset

Skape engasjement og fremje kunnskap om digital heimeoppfølging (DHO) og gi eit godt grunnlag for samhandling lokalt. Det er eit mål å skape ei plattform for samhandling mellom helsepersonell i kommunane, fastlegar og sjukehus.

Målgruppe

Legar, sjukepleiarar og andre helseprofesjonsgrupper med interesse for teknologi i utvikling av samhandling i helsetenestene, på tvers av tenestenivå og med tverrfagleg perspektiv.

Arbeidsmåtar

Webinar, gruppediskusjonar, praktiske øvingar og fysisk undervisning.

Læringsmål

Etter fullført kurs skal deltakarane ha kunnskap om DHO og dei arbeidsmetodar og teknologi som vert brukt for å gi helsetenester på avstand. Viktige punkt er samhandling med fastlegar og kommunale tenester, jobbe meir teambasert og å finne gode lokale løysingar for DHO.

Kurspoeng

Kurset tel 15 poeng for valfrie kurs i allmennmedisin og 15 poeng for samfunnsmedisin. Kurset er og godkjent av Norsk sykepleierforbund som poenggivande kurs.

Kurskomité

Eivind Nondal, kommunelege Ullensvang kommune

Aleksander Rande, kommunalsjef helse Stryn kommune

Per Waardal, prosjektkoordinator DHO Sunnfjord kommune

Jofrid Djupvik, prosakteigar DHO Førde området Sunnfjord kommune

Kurset har tatt mal frå tilsvarande kurs gjennomført i Bodø og Sortland, men med lokale tilpassingar og nokre endringar i oppsett.

Målsetting

- Auke samhandlingskompetanse mellom profesjonsgrupper i helsetenestene med pasienten og pasientens kvardagsmeistring som målsetning.
- Utvikle kjennskap til og kunnskap om teknologiske løysningar for oppfølging av pasientar på avstand, dvs. utan fysisk kontakt.
- Få innsikt i kritiske aspekt ved digital heimeoppfølging, som til dømes fordeler og fallgruver.

Tal kurstimer

2-dagers kurs (lunsj til lunsj) og ei digital del i forkant. Kurset har eit omfang på totalt 15 timer innhald inkludert pausar.

Kostnader

For deltakarar tilhøyrande prosjektkommunar i det nasjonale spreatingsprosjektet, i regi av Sunnfjord kommune, blir kursavgift og oppholdsutgifter dekt av prosjektet. For andre kommunar vil det verte ei kursavgift på 2000 kr. Det vert ikkje dekt reiseutgifter.

Om du er usikker på om du høyrar til ein av prosjektkommunene, ta kontakt med per.waardal@sunnfjord.kommune.no

Kursgjennomføring

Kurset er på 15 timer og blir organisert slik;

- Førebuing– 3 timers digital innføring og kan bli gjennomført når ein vil
- 2 dagers seminar/ fysisk - lunsj til lunsj samling

Den fysiske delen av kurset blir arrangert på to ulike plassar;

- Skei/ Jøster - Thon hotel 24 og 25 sept 2024
- Haugesund Thon hotel Saga 1.og 2. okt 2024

Førebuing;

Kan bli gjennomført individuelt eller i mindre grupper, etter eiga ønske. Det er eit føreset at førebuinga er gjennomført før den fysiske samlinga. Tilgang/ link til videoene vil bli sendt ut i forkant av kurset.

Helsedirektoratet har spelt inn sju videoer, som saman med litteraturlista og refleksjonsspørsmål til kvar video, er innhaldet i den førebuande delen. 5 av desse videoane er lagt til i den digitale delen av førebuinga, medan dei to siste er lagt inn i starten på den fysiske samlinga. Alle refleksjonsspørsmåla blir diskutert på den fysiske samlinga.

Innhald/ program;

Førebuande del; (individuelt eller i mindre gruppe, etter eiga ønske)

Video	Tema	Tid
1	Kva er digital heimeoppfølging Kort om prosjektet og rammer	15 min
2	Praktiske erfaringar frå DHO Korleis tenke som fastlege? Korleis jobbe med responsenteret?	30 min
3	Teamarbeid og endringsleiing Kva er viktig, korleis jobbe saman på tvers av profesjonar, korleis skape energi for ny arbeidsmetode?	30 min
4	Fornuftig ressursbruk og funn frå Oslo Economics Korleis kan DHO bli lønsam for samfunn og pasient?	45 min
5	Pasientsentrert helseteam – erfaring og veten frå forsking Korleis kan kunnskapen bli nytta ved DHO?	35 min

(155 min til denne delen)

Fysisk samling - lunsj til lunsj;

	Dag 1 - start kl 12.30 med lunsj	
	Registrering og praktisk info, oppsummering av førebuande del	45 min
	Video 6, Helsedir Etablering av DHO under ulike rammer	45 min
	Video 7, Helsedir Helsepersonellkommisjonen Kva er viktig for fremtidige helsetenester? Korleis bør ein tenke ved oppstart av DHO? Korleis jakte gevinstar?	45 min
	Organisering av DHO lokalt	45 min
	Middag om kvelden	
	Dag 2	
	Brukarhistorie: Korleis blir DHO opplevd og kva effektar kan det gi?	30 min
	Praktisk demonstrasjon av DHO	60 min
	Eigabehandlingsplan: Korleis utarbeide eigabehandlingsplan? Korleis motivere til eigameistring? Korleis sette terskelverdiar, vurdering og tiltaksgrenser? Det blir rådd til å involvere fastlege og spesialist frå sjukehuset knytt til lokal målgruppe	60 min
	Kva inneber digitalt utanforskning, korleis jobbe mot dette?	30 min
	Avslutning og appell	15 min
	Slutt kl 13, inkl lunsj	

(375 min totalt for samlinga)

Det blir for kvar av kursa sett opp eit detaljert program for lunsj til lunsj samlinga.

Påmelding.

Fint om påmelding kan skje snarast, og seinast 15. sept. Skjema for påmelding følger her;

<https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=u9mNrMIAfkWPOqTn2F3B596srXRhOV5EuTDdMmbAFaZUNVJJM1ZJMTZZNIA3MFdZQTE3QIE0RE9ZTC4u>

Vedlegg

Kliniske læringsmål (jfr. Forskrift om spesialistutdanning, vedl. 2)

Kurset dekker følgende læringsmål i Ny spesialistordning:

SAM 045 Samhandling

ALM 004 (profesjonalitet, rolle)

ALM 008 (kommunikasjon, kommunikasjonsstrategi)

ALM 009 (helseovervåkning)

ALM 017 (tilgjengelighet)

ALM 019 (henvendelser og henvisninger)

ALM 024 (om pasientens bakgrunn)

ALM 029 – 033 (tilpasset behandling, pasientatferd)

ALM 035 – 036 (ressursvurdering)

ALM 038 (usikkerhet hos pas.)

ALM 042 – 045 (pasientsentrert tilnærming)

ALM 046 (verdier, holdninger, perspektiver)

ALM 048, 051, 052, 053 (kommunikasjon og samhandling) 2

ALM 062 (behandling og oppfølging)

ALM 065 (medisinsk ekspert i primærh.tj.9

ALM 071, 073, 075 (kroniske sykdommer, behandlingsplan og oppfølging)

ALM 077 (multifarmasi og prioritering)

ALM 084 (pasientforløp)

I "Felles Kompetanse mål for allmennmedisin, samfunnsmedisin og arbeidsmedisin" dekker kurset tema innen FKM LM 04 (etikk)

FKM LM 19(kommunikasjon)

FKM LM 21 (trygghet og forståelse)

FKM LM 22 (formidle informasjon)

FKM LM 33 (Samvalg)

FKM LM 41 (E-helseverktøy)

FKM LM 51, 55, 59 og 60: Samhandling, pedagogisk tilnærming til pasient og samhandlere, rolleforståelse

Kursplan – del 1

Tema: Hva er digital hjemmeoppfølging – kort om prosjektet og rammer

Av: Siw Helene Myhrer og Marius Tyssvang, Helsedirektoratet

Tid: 15 min

Refleksjonsspørsmål: Hva kan digital hjemmehoppfølging bidra med for mine pasienter? Hvor er barrierene for å komme i gang?

Tema: Praktiske erfaringer fra DHO – hvordan tenke som fastlege, og hvordan jobbe med responsenteret?

Av: Marius Tyssvang, Helsedirektoratet og Marius Edvardsen, fastlege Mørkved legesenter **Tid:**
30 min

Spørsmål: Hvordan kan kommune og fastleger utvikle teamarbeid/samhandling, hva er vi gode på nå, hvordan kan dere bli bedre?

Tema: Teamarbeid og endringsledelse – hva er viktig, hvordan jobbe sammen på tvers av profesjoner, hvordan skape energi for ny arbeidsmetode?

Av: Marte Andresen, Deloitte **Tid:**
30 min

Spørsmål: Hvordan bruke ressursene smart lokalt? Hvilke pasientgrupper passer for DHO hos dere? Hvordan ivareta kommunikasjon og samhandling i pasientforløpet?

Tema: Fornuftig ressursbruk og funn fra Oslo Economics – hvordan kan DHO bli lønnsom for samfunn og pasient?

Av: Erik Magnus Sæther og Hanna Isabel Løyland, Oslo Economics
Tid: 45 min

Spørsmål: Hvordan velge pasienter både for å gjøre DHO lønnsomt og treffsikkert?

Tema: Pasientsentrert helseteam: erfaring og vite fra forskning – hvordan kan kunnskapen brukes ved DHO?

Av: Gro R. Berntsen, Nasjonalt senter for e-helseforskning og Kristin Nilsen, Balsfjord kommune **Tid:**
25 min

Spørsmål: Hva betyr pasientsentrert helseteam for dere? Hva kan vi lære og ta med inn i prosjektet DHO?

Tema: Etablering av DHO under ulike rammer

Av: Bendik W. Hegna og Nina M. Weldingh

Tid: 45 min

Spørsmål: MILA prosjektet har betydelig erfaring med DHO – hva er det viktigste dere har lært fra prosjektet?

Tema: Helsepersonellkommisjonen – hva er viktig for fremtidens heletjeneste, hvordan bør man tenke ved oppstart av DHO og hvordan jakte gevinstar?

Av: Magne Nicolaisen, direktør helse og mestring Tromsø kommune

Tid: 45 min

Spørsmål: Helsepersonellkommisjonen kom med en rapport som viser at helsetjenestene må endres for fremtiden og at helsepersonell er en knapphetsressurs, hvordan kan DHO bidra til fremtidens helsetjeneste?

Litteraturliste:

Nasjonale faglige råd

Digital hjemmeoppfølging - sluttrapport fra nasjonal utprøving 2018-2021

Evaluering av utprøving av digital hjemmeoppfølging (2022)